



politisk sekretariat

Dato: 18.03.2024

Dokumentnummer: 24/2084-2

Deres referanse:

Saksbehandler: Elin Vikene

Handlingsplan for Karmøy ungdomsråd 2024

Karmøy ungdomsråd har i møte 11.03.2024, sak 007/24 fattet følgende vedtak:

Politisk program

Kultur- og fritidstilbod

- Ungdomsrådet vil ha eit nytt kulturhus sentralt i Kopervik, som eit aktivt kulturelt sentrum for kommunen. Det er viktig at arbeidet med realisering ikkje trekk ut i tid, då dette er viktig både for kulturen og byutviklinga.
- Ungdomsrådet vil ha eit godt kommunalt kulturtilbod i heile kommunen, der det blir lagt vekt på at alle skal kunne delta i kulturlivet.
- Ungdomsrådet vil at ein prioriterer jenteidretten, og bidrar til mindre ulikheit mellom kjønna i idretten.
- Ungdomsrådet vil ha eit godt og variert tilbod av ungdomsklubbar, fleire livssynsnøytrale og fleire for dei eldre ungdommane.
- Ungdomsrådet understrekar viktigheten av å ha rusfrie aktivitetar også for dei eldre ungdommane, og kommunen må støtte slike arrangement.
- Ungdomsrådet vil ha eit godt system for å samle inn utstyr til klubbane slik at alle har moglegheit til å drive med sin idrett (berekraftig økonomi)

Undervisning

- Ungdomsrådet vil på sikt ha gratis skulemat, men ser at kommunen ikkje har dei økonomiske midlane til dette i dag. Derfor vil vi i første omgang ha eit prøveprosjekt med gratis skulemat på ein skule, og gjeninnføre gratis skulefrukt i ungdomsskulen. Samarbeid med daglegvarebutikkar for å unngå svinn.
- Ungdomsrådet vil ha variert praktisk og tilrettelagt undervisning, slik at alle får læring, meistring og motivasjon.
- Ungdomsrådet vil at skulane skal ha eit godt og fungerande elevdemokrati der elevrådene får reel påverknad på eigen skulekvardag.
- Ungdomsrådet er kritiske til bruken av heimelekser og ønskjer at dette skal bli erstatta av meir læring i skulen, og ein felles praksis i heile kommunen.
- Ungdomsrådet vil styrka arbeidet mot mobbing, krenkande språkbruk, krenkande handlingar i ungdomsmiljøa og jobba førebyggjande med nettvert.
- Ungdomsrådet støttar mobilfri grunnskule og ønskjer reglar for bruk av mobiltelefon på vidaregåande skule i undervisninga.

Helsetilbod

- Ungdomsrådet vil ha eit synleg og godt helsetilbod for ungdom, både på helsestasjonane og gjennom skulehelsetenesta, og det må opplysts om tenesta.
- Ungdomsrådet vil ha betre undervisning om seksualitet og seksuell helse.
- Ungdomsrådet vil ha meir undervisning om rus i skulen, også ved hjelp av ekstern kompetanse frå ideelle organisasjoner.
- Ungdomsrådet vil at det skal være god kompetanse og god oppfølging rundt born som er pårørande til rusmisbrukar og alvorleg psykisk sjuke.

Samferdsel og kollektivtilbod

- Ungdomsrådet vil ha eit betre kollektivtilbod, med hyppigare avgangar på dei rutene med størst passasjergrunnlag og der det er størst biltrafikk.
- Ungdomsrådet vil ha billigare buss i heile kommunen.
- Ungdomsrådet vil ha haldningskampanjar som får folk over frå bil til miljøvennleg gange, sykkel eller kollektiv, og får ned bilbruken.
- Ungdomsrådet vil at ein skrotar planane om omkjøringsvegen på Karmøy når ein har investert stort i andre tiltak for å betre trafikkflyten, som oppgradering av hovudvegen, rundkjøringar og miljøgate.
- Ungdomsrådet er kritisk til ein ny bompengepakke for heile Karmøy, som både vil gi store avgifter for innbyggjarane.
- Ungdomsrådet vil ha hjertesonar rundt alle skulane i kommunen.
- Ungdomsrådet vil ha fleire grøne og bilfrie torg, gater og parker i byane.

Klima og miljø

- Ungdomsrådet vil ha eit sterkt vern av natur og matjord, ny bustadbygging bør være gjennom fortetting heller enn nedbygging.
- Ungdomsrådet vil ha tydelege tiltak for å få ned klimautsleppa i kommunen, både i eigen organisasjon, men også i hushaldningar og næringsliv.
- Ungdomsrådet vil at redusert bilbruk blir satt i fokus i arbeidet med å redusere klimautsleppa.
- Ungdomsrådet ber om at kommunen utnyttar moglegheitene for å kutte energiforbruk i kommunale bygg, som også vil kunne kutte kostnader.

Demokrati og medverknad

Demokratiet fungerer ikkje dersom berre delar av befolkninga er representert. Dei politiske rådene er viktige bidragsytare for å sikre representasjon. Likevel ser vi at mange grupper i samfunnet er sterkt underrepresentert i lokalpolitikken. Det er for få kvinner i politikken, og i kommunestyret er det få unge vaksne eller med minoritetsbakgrunn. Det er viktig at desse får ein stemme i politikken.

- Ungdomsrådet har eit ønskje om at samansetjinga i dei politiske organa speglar befolkninga, og at dei politiske partia i forkant av neste kommuneval oppfordrast til å nominere fleire unge, kvinner og minoritetar som er underrepresentert i dagens kommunestyre.
- Ungdomsrådet vil ha moglegheita til å komme med innspel opp mot administrasjonen tidlegare i saksbehandling, også før dei kjem til politisk behandling.

Samfunnsutvikling

- Ungdomsrådet vil at den framtidige veksten i kommunen sentrerast inn mot byane og fastlandet, og gjennom fortetting i staden for utbreiing.
- Ungdomsrådet vil at kommunen skal arbeida aktivt for eit meir berekraftig og innovativt næringsliv, som tiltrekker seg fleire unge vaksne og barnefamiliar.
- Ungdomsrådet vil at kommunen og næringslivet skal tilby fleire jobbar for ungdom.

Einstemmig vedteke i Karmøy ungdomsråd 11.03.2024

Med vennlig hilsen

Elin Vikene
konsulent

Dokumentet er godkjent elektronisk.